



FJELL KOMMUNE

Plan- og utbyggingssjefen

I samsvar med liste

Dykkar ref.

Vår ref.

2016/24 - 14135/2016

Saksb. – tlf.

Marit Selberg Sigurdson - 55 09 73 73

Dato

08.06.2016

Melding om høyring/offentleg ettersyn: kommunedelplan for trafikksikring 2017-2020

Komité for drift og forvaltning vedtok i møte 07/06-16 at kommunedelplan for trafikksikring 2017-2020 vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i 12 veker. Høyringsperioden er frå 9. juni til 1. september 2016. Dette brevet vert sendt til aktørar vi ønskjer å gjera særskilt merksame på høve til å uttale seg, men det er ope for alle å gje synspunkt og merknader til planframlegget.

Planframlegget er tilgjengeleg i høyringsperioden 09.07.2016 – 01.09.2016.

- Ved Servicetorget i Fjell Rådhus
- Ved Fjell folkebiblioteksamling
- På www.fjell.kommune.no/TS-plan

Kommunedelplan for trafikksikring 2017-2020 (TS-planen) er ei rullering av TS-plan 2013-2016/2020. Tekstdelen inneheld mindre endringar, medan handlingsdelen er revidert.

Formålet med planen er å leggja grunnlaget for målretta og systematisk trafikksikringsarbeid på lokalplanet. Det er sett av sju millionar kroner årleg til trafikksikring i investeringsprogrammet for Fjell for åra 2016 til 2019. I planen er det føreslått ei prioritering av desse midlane. Midlane vert fordelt på konkrete tiltak på det kommunale vegnettet, i tillegg til førebyggjande og haldningsskapande arbeid.

Planen føreslår å setja av 100 000 kroner i året til førebyggjande og haldningsskapande arbeid. Skular, barnehagar, lag og organisasjonar kan søkja om tilskot til arrangement, materiell eller ulike trafikkopplæringsprosjekt. Det vert òg føreslått å arrangera ein årleg trafikksikringsdag i kommunen, i samband med m.a. skulane.

Planframlegget inneheld også ei liste over naudsynte tiltak på fylkesvegane. Det er Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen som har ansvaret for fylkesvegane. Lista må leggjast til grunn når fylkeskommunen og vegvesenet prioriterer og budsjetterer vegprosjekt

og trafikksikringstiltak. Det må arbeidast både politisk og administrativt for å få prioritert arbeid på vegnettet i Fjell.

Merknader til planen kan sendast innan 01. september 2016:

- Via elektronisk skjema for høyringssvar: www.fjell.kommune.no/TS-plan
- Via brev til Fjell kommune, Plan- og utbyggingssjefen, Postboks 184, 5342 Straume. Merkast med «Saksnummer 2016/24» .

Kontaktinformasjon:

Plan- og utbyggingssjefen v/Samfunnsplanleggjar
Marit Selberg Sigurdson, e-post: marit.sigurdson@fjell.kommune.no

Med helsing

Cecilie Krohn
Avdelingsleiar, Plan

Marit Selberg Sigurdson
Samfunnsplanleggar, Plan

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Mottakarliste:

Ungdommens kommunestyre
Eldrerådet
Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne
Stabs-/støtte-/driftseiningar i Fjell kommune
Skulane i Fjell kommune
Barnehagane i Fjell kommune
Samarbeidsutvala ved skulane i Fjell kommune
Grendalag og velforeiningar i Fjell kommune
Sund kommune
Øygarden kommune
Askøy kommune
Bergen kommune
Hordaland fylkeskommune v/Samferdsleavdelinga
Fylkesmannen i Hordaland
Statens vegvesen, region vest
Sotra og Øygarden lensmannskontor
Trygg Trafikk Hordaland
Åsmund Rong
Hans Gunnar Våge
Bjørn Larsen
Kristoffer Barhaug
Tor Landro
Magne Andre Pedersen
Svein Arild Pedersen
Bjørn Leidulf Larsen
Jan Tommy Fosse
Dei på Gjerdet SA